

# Årsmelding Klepp sokn 2024



Årsmøte 30.03.2025

## Innhold

Årsmelding Klepp sokn 2024.....	1
<b>ARBEIDSÅRET 2024</b> .....	3
<b>Bispevisitas</b> .....	4
<b>Statistikk</b> .....	5
<b>Ny kyrkje</b> .....	6
<b>Gjevartenesta og økonomi</b> .....	6
<b>Stab og tilsette</b> .....	7
<b>Ulike utval:</b> .....	8
<b>Frivillige medarbeidarar:</b> .....	9
<b>Tilsette:</b> .....	9
<b>Soknerådet</b> .....	10
<b>Takk</b> .....	10
<b>Årsmelding Diakoni 2024</b> .....	11
<b>Årsmelding trusopplæring</b> .....	13
<b>Årsmelding for søndagsskulen</b> .....	18
<b>Årsmelding Gudstenesteverkstad 2024</b> .....	19
<b>Årsmelding Tweens 2024</b> .....	20
<b>Årsmelding UANZ</b> .....	21
<b>Årsmelding Familiekomiteen</b> .....	21
<b>Årsmelding kyrkjemusikk</b> .....	22
<b>Årsmelding Knøttekor</b> .....	23
<b>Årsrapport fra plankomiteen for 2024</b> .....	24
<b>Årsrapport for Stiftelsen Klepp Nye Kyrkje for året 2024</b> .....	26

## ARBEIDSÅRET 2024

2024 har vært eit innholdsrikt og spennande år for Klepp kyrkjelyd. Arbeidet med det nye kyrkjebygget kom for alvor i gang, og det er stort fokus på korleis vi kan fylla kyrkja med aktivitetar som støtter opp under visjonen vår om «meir himmel på jord». På hausten hadde vi bispevisitas sammen med Bore og Orre sokn. Visitasen gav grunnlag for å skapa gode relasjonar på tvers av kyrkje, kommune og andre organisasjonar i Klepp.

Klepp kyrkjelyd skal være ein god plass for å vere, vekse og virke. Vi jobbar for at kyrkjelyden har arenaer som gjer at ein kan finne sin plass, for barn, ungdom, familiar, vaksne og eldre. I løpet av 2024 er det starta flere smågrupper der man kan samlast i eit mindre fellesskap og dele tru, liv og kvardag, gjerne over eit måltid.

Ungdomsarbeidet som starta opp i 2023 har fortsatt å samle ein god gjeng ungdommar. I løpet av året har det utvikla seg til det vi nå kjenner som UANZ. UANZ gir plass for ungdom til å bli bedre kjent med Jesus, gjennom samtale, lovsang og fellesskap.

I tillegg til dei faste tilboda har det og i løpet av året blitt arrangert temakveldar, konsertar, familiedagar, frivillighetssamling, fastesamlingar, Påske SAMMEN, Jærgårds, kyrkjemiddagar og 90-årsmarkering for Åse-Marie Nesse.

I løpet av året ble «treet» avduka. «Treet» gir oss innsikt i arbeidet som kyrkjelyden består av. Eksisterande arbeid spirer og gror og vert symbolisert med grønne blad. Andre blad (gule) treng mer stell, næring og engasjement. Frivillighet har vært i fokus gjennom året, og vi ønsker å laga rom for at ein kan virke med sine evner og gåver inn i kyrkjelyden.



*Illustrasjon av treet-eksempelvis*

Dette året er det første heile året med nytt sokneråd. Vi i soknerådet er takksame for å kunne bygge vidare på dei gode grunnsteinane som er lagt av tidligare råd. Vi er også heldig med ein flott stab som hjelper oss med å gjere overgangen god og trygg.

Takk til alle som bidrar med sitt inn i kyrkjelyden.

## **Bispevisitas**

I september hadde vi visitas med biskop Anne Lise Ådnøy. Dette blei ein oppmuntrande og inspirerande visitas der biskopen saman med oss reflekterte over kyrkjelyden sitt liv og framtid. Vi hadde rådsmøte saman med Bore og Orre. Vi gjekk på pilegrimsvandring frå Orre friluftshus til Orre gamle kyrkje, der vi avslutta med gudsteneste og kyrjekaffi. Det blei arrangert kulturkveld ved Jærhagen med temaet «Er det ingen vaksne heime?» Visitasen blei avslutta med felles gudsteneste i Vollhallen for Bore, Klepp og Orre. Biskop Anne Lise Ådnøy runda det heile av med visitasforedrag og hennar betraktningar om dei ulike kyrkjelydane. Her kom ho med gode råd for det vidare arbeidet. Biskopen var opptatt av at dei ulike kyrkjelydane i Klepp hadde god dialog og fokus på kva som kunne gjerast saman, og kva arrangement som burde gjerast kvar for seg. Elles utfordra ho oss på samarbeidet mellom kyrkje og skule og på besøkstenesta i soknet.

## Statistikk

	Dåp	Konfir- mantar	Frammøte gudsteneste <i>Snitt per GT</i>	Nattverd- gjestar * <i>Snitt per gt</i>	Innmelde	Utmelde
<b>2019</b>	75	82	185	99	8	49
<b>2020</b>	79	76	76	55	9	40
<b>2021</b>	80	104	74	58	8	77
<b>2022</b>	78	90	149	116	9	89
<b>2023</b>	82	86	149	117	9	56
<b>2024</b>	74	78	158	129	11	24

\* Gjeld gudstenster kl 11

## Ulike gudstenester

	Tal	Totalt deltakarar	Tal	Totalt deltakarar
	<b>2023</b>	<b>2023</b>	<b>2024</b>	<b>2024</b>
Nattverdsgudstenester	28	2834	30	3503
Gudstenester m/skriftemål	1	41	1	40
Generasjonsgudstenester	10	2160	10	2263
Barnehage- og skulegudstenester	2	450	4	603
Julaftangudstenester	3	830	3	863
<b>Totalt tal gudstenester og deltakarar (i kyrkja, anna stad i soknet)</b>	<b>66</b>	<b>9827</b>	<b>67</b>	<b>10596</b>

## Ny kyrkje

Grunnarbeidet er gjort og kyrkja er i ferd med å reisa seg. Det har vore fleire møter om ny kyrkje med blandt anna kommune, arkitektar og kunstkonsulentar. Her har representantar frå både stab og frivillige deltatt.

Meir informasjon om ny kyrkje les de under årsmelding frå plankomiteen.

## Gjevartenesta og økonomi

Det er behov for å auke gjevartenesta. I aukande grad har me som kyrkjelyd ha ansvar for våre egne stillingar. Ei stabil og god gjevarteneste er med på sikra stabile tenester til kyrkjelyden. Auka gjevartjeneste vil gje oss eit større handlingsrom til å kunne tilby mat på samlinger og til å halde fram med at flest mogleg tilbod er gratis.

Soknet har ein del lønsutgifter som gjevartenesta er med på å dekkja delar av:

- kyrkjelydspedagog/kateket 40%,
- trusopplærer/ungdomsarbeidar 35%,
- dagleg leiar 50 %
- Kyrkjelydsarbeidar (vikariat)

Totalsum for gjevartenesta vart i år kr 744.694 Dette inkluderer gjevartenesta til ny kyrkje (130.528).

Me har klokkarteneste på dugnad. Klokkarløna vert gjeven som lønsmidlar til trusopplærer/ungdomsarbeidar, 15%.

Første halvår 2024 har me hatt to eittåringar der me dekker kostpengar og reiseutlegg til studiestad.

Klepp kyrkjelyd vart tildelt ei testamentarisk gåve i 2024 – dette er me svært takksame for.

## Rekneskap 2024

På grunn av uforutsette omstende hjå Klepp kommune, som har ansvaret for å føre rekneskapen, er ikkje regneskapen for 2024 klart når årsmeldinga vart skreven.

Årsmøtet vert gjennomført 30.03.2025 uavhengig om rekneskapen er klar eller ikkje.

Foreløpige tal vil bli presentert på årsmøtet.

Dersom det ikkje er klart til årsmøtet, vil dette bli publisert på heimesida så snart det er klart.

## **Stab og tilsette**

Samarbeidet mellom frivillige og stab er godt. Sokneråd og stab har hadde ein flott samling der vi jobba vidare med visjon og strategiarbeid. I tillegg hadde vi ei samling der Kjell Aanensen snakka om samarbeid, gruppedynamikk og kommunikasjon. Vi jobbar saman med heile kyrkjelyden om meir himmel på jord

### **Sjå egne årsmeldingar for:**

- Diakoni
- Trusopplæring
- Sundagsskulen
- Tweens
- UANZ
- Familiekomitéen
- Kyrkjemusikk
- Tweens
- Stiftelsen Klepp nye kyrkje
- Plankomité for ny kyrkje

### **Ulike utval:**

- Diakoniutval
- Gudstenesteutval med følgjande underutval/grupper:
  - Lydgruppe
  - Prosjektorgruppe
  - Streaminggruppe
  - Kyrkjeaffi
  - Kyrkjevertar
  - Klokkarar
  - Nattverdsmedhjelparar
  - Pyntekomité
  - Sundagsskulen
- Barne-, familie- og trusopplæringsutval
- Kulturutvalet
- Ungdomsutval
- Bønegrupper
- Misjonsutval



### **Frivillige medarbeidarar:**

Eit stort tal frivillige medarbeidarar har vore med det siste året. Det er mange oppgåver som skal løysast, og mange som er engasjerte i ymse oppgåver. Me ynskjer å retta ein spesiell takk til alle dei som lét seg engasjera og er villige til å ta eit tak.

### **Tilsette:**

Sokneprest:	Just Salvesen
Dagleg leiar:	Hilde Norland Djønne
Sekretær:	Ingunn Dávøy Aandal
Diakonmedarbeidar (vikar):	Ruth Bråtveit
Kantor:	Ola Sotnakk
Kyrkjetenar:	Ketil Terning
Kyrkjetenar:	Waldemar Jørgensen
Klokkar:	Frivillig klokkarteneste
Kontormedarbeidar:	Olga Senchuk
Kyrkjelydspedagog:	Liv Heidi Lie Bjelland ( 1. halvår)
Trusopplærer:	Andrea Bjørkavoll-Bergseth (delvis permisjon)
Kyrkjelydsarbeiar (vikar)	Karoline Undheim
Trusopplærer og ungdomsarbeidar:	Anette Dagfinnrud Thorset
Reinhaldar:	Marit Byberg
Eittåring:	Johannes Stubhaug Braut (1. halvår)
Eittåring:	Kristina Hinna (1. halvår)

## **Soknerådet**

Faste medlemmar:

Gunnhild Olsen Sandvik, Johannes Stubhaug Braut, Bent Horpestad, Erlend Hodne, Ståle Ravndal, Ingunn Vassbø Særheim, Vegard Grødem Stikbakke og Ståle Østrem.

Varamedlemmar:

Inger Furenes Nordås, Martin Braut Tjelle, Ida Margrethe Karterud Myrstad, Ragna Stakland Svela og Katrine Marie Gjerde.

Det har vært endringar i soknerådet då opptil fleire har søkt permisjon.

Gunnhild Olsen Sandvik gjekk ut i 1 års permisjon frå juni.

Johannes Stubhaug Braut har søkt permisjon pga flytting og studier frå juni.

Martin Tjelle har søkt om fritak frå verv pga jobb og flytting.

Leiar:           Gunnhild Olsen Sandvik – 1. halvår

Erlend Hodne – 2. halvår

Nestleiar:      Erlend Hodne 1. halvår

Inger Furenes Nordås – 2. halvår

Soknerådet 2. halvår 2024

Erlend Hodne, Bent Horpestad, Ståle Ravndal, Ingunn Vassbø Særheim, Vegard Grødem Stikbakke, Ståle Østrem, Inger Furenes Nordås, Ida Margrete Karterud Myrstad og Ragna Stakland (1. vara)

Klepp sokneråd hadde i 2024 8 møter og handsama 71 saker.

Ståle Østrem og Ståle Ravndal er soknerådets representantar i Klepp kyrkjelege fellesråd.

## **Takk**

Me vil takka dei tilsette for truskap i tenesta. Takk til prost for omtanke og til nabosokna våre for godt samarbeid. Takk òg til bedehusstyra for det samarbeidet som me har.

Takk til alle frivillige som legg ned uendeleg mange timar i bøn, møte og tenester – me er utruleg takksame for alt de gjer.

## Årsmelding Diakoni 2024

Diakonen arbeider 100% med ei fordeling på Klepp, Bore, Orre og Frøyland/Orstad kyrkjelydar. Diakonen har vore i permisjon. Frå februar 2024 har det vore vikar i 100% stilling.

### Diakoniutvalet i Klepp

Vegard Stikbakke (leder), Ingrunn V. Særheim, Magne Gjesteland, Haldis Loge Noraberg.

- Ein del av besøkstenesta i Klepp er jubilentbesøk og her har vi dessverre ikkje klart å følgje opp alle.
- I det diakonale arbeidet er det samtalar. Dette har vikaren som begynte i stillinga fortsett med. Oppfølging av etterlate skjer individuelt ved behov. Det har vore tilbod om sorggrupper til etterlate etter dødsfall, som er et samarbeid mellom diakonane på Jæren, Sandnes og Sola.
- Det ble arrangert Seniorfest i 2024. Seniorfesten er eit samarbeid mellom alle fire kyrkjelydane i Klepp kyrkjelege fellesråd.
- Det har vore institusjonsandaktar, der diakonen og prestane deler på å delta. Organisten er fast med. Vi har og fått inn i planen, nattverd 2 ggr i halvåret.
- Gudstenestene med tilrettelagt klubb, Torsdagstreffen, hadde 9 samlingar der ei av dei var sommartur til Voll juletre gard. I tillegg til prest, organist og diakon er det fleire frivillige med frå Klepp. 17.november gjennomførte frivillige i godt samarbeid med diakonen, en Helgudstjeneste.
- Bønnearbeidet i Klepp skjer i mange heimar, i grupper og samlingar. Diakonen har ansvar for bønnekorta til konfirmantane som kyrkjelyden får utdelt. Vi har fått Kvilepuls i gang igjen, med samlinger 1 gg. i uka. 7.mars ble Kvinnernes internasjonale bønnedag arrangert i Klepp kyrkje.
- Strikkekafé samlar ca. 20 stk, ca 1 gang i månaden, i stasjonsbygningen på Klepp stasjon.
- Formiddagstreffet på stasjonen hadde 8 samlingar i løpet av året. Det har vore ei positiv utvikling med fleire deltagare.
- Det blei arrangert minnegudstjeneste 3. november. Ei full kirke viser oss at kirka har ein viktig plass i folks liv når det gjelder sorgarbeidet.

- Kyrkjelyden har delteke på «Vi går for fellesskapet», som er ein del av inkluderingsarbeidet til kyrkjelyden.
- Kyrkjelyden har også delteke på 6-7 pilegrimsvandringar. Dette er ein del av bønnearbeidet til kyrkjelyden.
- Kyrkjelyden har eit godt samarbeid med Klepp kommune og Frivilligsentralen. Noko av samarbeidet er Besøksven og Våketjenesten.

**EI STOR TAKK** til alle frivillige i Klepp kyrkjelyd

## Årsmelding trusopplæring

Klepp kyrkjelyd si lokale plan for trusopplæring heiter «Stein på stein» - eit namn som har klare koplingar til steingardane på Jæren. Samstundes tenkjer vi at trusopplæringa handlar om å leggja stein på stein, kor det døypte barnet skal få lære om, erfara og veksa i trua frå det er eit spedbarn til det er myndig og står på egne bein. Denne planen blei godkjent av Bispedømmet i 2016 og er ein heilheitleg plan for trusopplæring i soknet. Samstundes vil planen være i kontinuerleg utvikling og evaluering, med rom for at tiltak blir endra eller erstattast av andre.

### **Tiltaka**

#### ***0 år: Dåp***

96% oppslutning. Antall dåpsbarn 76

76 barn under 3 år er telt. I tillegg var det en konfirmant samt to barn i barneskolealder som ble døpt (og er ikke telt med i dette tallet). Totalt 79.

#### ***0 år: Dåpskurs***

100% oppslutning. Antall dåpsbarn 79.

#### ***0 år: Babysong***

29 % oppslutning.

I løpet av 2024 var det planlagt 29 babysang-samlingar. 24 vart gjennomført, Tre vart avlyst grunna få eller ingen oppmøtte. To vart avlyst grunna sjukdom hjå kursleiar. Samlingane består av ei songstund på omkring 30 minutt med songer, rim og regler. Etterpå vert det servert kaffe/te og frukt. Det er opent ein time etter sjølve songstunda for dei som ynskjer å vere igjen å leike og bli kjent. Stort sett er alle igjen til slutt, med mindre dei har en avtale etter. Kursleiar får stadig tilbakemeldingar frå deltakarane at dei opplever det meningsfullt å vere med på babysang, og at det er godt for dei å ha ein stad å gå til i den tida ein er heime i permisjon.

Det var 24 unike deltakere innom i løpet av 2024. I gjennomsnitt var det ca. 6 på hver samling.

#### ***1-2 år: Småbarnssong***

10% oppslutning

Det ble i 2024 holdt 7 samlinger på våren og 8 samlinger på høsten. Det var 15 unike personer innom småbarnssang i 2024, med et gjennomsnitt på ca. 6 barn på hver samling. Samlingen består av en halvtime med sang, regler og rim, og avsluttes med felles kveldsmat og frilek. Kurset på vårsemesteret var det trusopplærer som holdt saman med ein frivillig, mens på hausten var det frivillige som gjennomførte kurset med hjelp frå kyrkjelydsarbeidar med det administrative.

Et fint tilbud for barn, men også sosialt for foreldrene.

### **3 år: Sauesamling**

15 % oppslutning

Gjennomført i mai. Det var 11 barn til stades. Det var ein frå stab som hadde opplegget og ein frivillig. Det blei lest frå boka «Lille sau går seg vill» som barna fekk med seg heim, samt informert om andre relevante tilbud og tilbud i kyrkjelyden.

### **4 år: 4-årsbok**

42 % oppslutning

Gjennomførte ei samling for alle på kullet på hausten. Samling med forteljing, dramatisering, mat og hobbyaktivitet. 36 stk. møtte. Veldig kjekt å ha alle samla. Vi hadde ei samling i kyrkja ein ettermiddag i tillegg til utdeling av 4-årsboka på gudstenesta. Det var med to frå stab og ein frivillig.

### **5 år: Barabbassamling**

17% oppslutning

Det blei gjennomført ei samling på våren. 14 barn deltok. Dei fekk høyre om Barabbas, ete eit måltid, samt ein hobbyaktivitet. Barna fekk med seg boka «Barabbas» heim og kvart sitt gripekors. Ein frivillig hadde ansvar for samlinga, ein frå stab var òg med.

### **1.klasse: Dåpsskule**

29 % oppslutning

Samling med bibelforteljing, song, bønn, mat og forming i SFO-tid på skulen.

Våren 2024 var det dåpsskule på Engelsvoll og Tu skule.

På Engelsvoll var det seks samlingar i SFO-tid der ei av dei var i kyrkja og ei generasjonsgudsteneste.

På Tu skule varte samlingane litt lengre kvar gong og vi hadde tre samlingar i SFO-tid der ei av dei var i kyrkja. Dei ble invitert til ei gudsteneste med søndagsskule. Desse samlingane var for 1. – og 2. klassingar (og dei inviterast annankvart år).

Hausten 2024 var det dåpsskule på Kleppe skule, med seks samlingar i SFO-tid (ei av dei i kyrkja) og gudsteneste med søndagsskule.

På gudstenestene fekk barna utdelt boka «Tre i eit tre» og dei var med og leda ein song med bevegelsar.

Ein fast frivillig – Kari Theis, evt vikarar for frivillig var med på samlingane saman med trusopplærar (samt prest og organist når det var i kyrkja). Foreldre til deltakarane baka bollar til samlingane.

## ***2. klasse: 2. klasseverkstad***

11 % oppslutning

Ein samling om ettermiddagen samt ei gudsteneste der andreklassingane deltok. 10 deltakarar. Ettermiddagssamlinga har form som eit gudstenesteverkstad slik at barna kan få eit innblikk i og lyst til å vere med vidare på dette. Mat, gudstenestegrupper (førebuing av gudstenesta) og forming.

## ***3.klasse: Tårnagenthelg***

34 % oppslutning

Gjennomført om våren. 29 deltakarar. Laurdag og gudsteneste sundag. Sporleik, utforsking av kyrkjetårnet og klokka, tårnagentsongen og oppgåver, gudstenesteverkstad og grilling. 4 tilsette og 16 frivillige (nokre vaksne og fleire ungdommar) var med som leiarar samt fleire foreldre kom med bakst eller frukt.

## ***4. klasse: Tweens-intro***

16 % oppslutning

Fjerdeklassingane blei invitert til ei Tweens-samling seint på våren slik at dei kunne få sjå og oppleve korleis vi har det på Tweens og gjerne ønske å fortsette der. 16 fjerdeklassingar deltok på denne samlinga.

### **5. klasse: Førstehjelpskveld**

43 % oppslutning

Ein ettermiddag om hausten. 43 deltakarar. Førstehjelpskurs, dramatisering og grilling på bålpanne.

3 frivillige gjennomførte tiltaket saman med trusopplærar.

### **6. klasse: LysVaken**

42 % oppslutning

Sjetteklassingane overnatta i kyrkja natt til første søndag i advent. 40 deltakarar. Vi hadde gudstenesteverkstad, undervisning, mat, aktivitetar og leik. 4 tilsette og 27 frivillige (ein blanding av ungdom, foreldre og andre vaksne) var med som leiarar/medhjelparar.

### **7. klasse: Mesternes Mester**

11 % oppslutning

Ein søndag ettermiddag og kveld, seint om våren. 11 deltakarar. Lagkonkurransar, grillmat, sosialt, deltaking i ungdomsarbeidet i Klepp kyrkje.

3 tilsette og 4 frivillige gjennomførte tiltaket.

### **8. klasse: Newbie**

42 % oppslutning

Newbie blei gjennomført 19.3. Vi informerte om konfirmasjonsopplegget Opptur. Vi hadde pizza, leiker og ein liten smak av Opptur-undervisning.

### **9. klasse: Opptur (konfirmasjonsundervisning)**

71% oppslutning



Vi hadde 79 konfirmantar som deltok på konfirmantundervisninga og blei konfirmert i Klepp kyrkje våren 2024. Undervisninga var hovudsakleg på kveldstid ein gong i månaden, med fellessamling i kyrkja og heimegrupper etterpå. I tillegg til dei ordinære Opptur-samlingane hadde vi Sosial-opptur med bowling/surfing, nattcup og konfirmasjonsleir til Evje. Vi gjennomførte fasteaksjon med sponsorkløp.

## Årsmelding for søndagsskulen

Vi gjennomførte 32 samlingar sundagar i gudstenestetid. Ei søndagsskulesamling inneheld lystenning, skattekiste, songar og aktivitetar. Vi hadde sommaravslutning med hoppeslott, aktivitetar, sukkerspinn og popcorn. I desember hadde vi juleverkstad saman med Familiekomitéen. Det har vært fem samlingar for skulebarna i gymsalen på Jæren folkehøgskule. Barnesamlingar under preika er også medrekna under søndagsskulen her i denne årsmeldinga.

Det var totalt innom ca 200 barn i løpet av året og i snitt 18 barn pr gong.

Søndagsskulen hadde 40 betalende medlemmar i 2024.

Søndagsskulen har tre grupper:

- Gullivergjengen 0-5 år
- Agentane 1.-4. klasse
- SLUSH 5. klasse og oppover

I tillegg er babysang óg tilknytta Søndagsskolen Norge.

Vi får økonomisk støtte for kvar gruppe.

Vi bruker opplegget til Sprell Levende og Aldri Alene på samlingane og er tilslutta Søndagsskolen Norge.

Faste leiarar i 2024: Rannfrid Stubhaug Braut, Maria Friestad Bergseth Sikkeland, Liv Aaslid, Silje Helland Sotnakk, Ida Margrethe Myrstad, Andrea Bjørkavoll-Bergseth, Øyvind Tjelle og Ruben Friestad Bergseth.

Andre frivillige har hatt barnesamlingar, vært medhjelparar eller vikarar samt at slushere har hjulpet til på nokre samlingar.

Anette Dagfinrud Thorset (trusoplærar) har hatt hovudleiaransvaret.

## Årsmelding Gudstenesteverkstad 2024

Gudstenesteverkstad er eit gratis tilbod til alle barn i 1.-7. klasse. Vi møtast ein tysdag i månaden etter skuletid i kyrkja, for å forberede gudstenesta påfølgjande sundag. Opplegget startar med felles måltid, så snakkar vi om sundagens tema og barna får velje mellom å vere med på drama, song, forming, høgtlesing eller praktiske oppgåver. Vi avsluttar med leik og sosialt. Tanken er at barna sjølv skal få vere med å lage og eige innhaldet i gudstenesta.

9 samlingar i 2024.

Ca 70 barn har vært innom totalt og 23 i snitt kvar gong.

Prest, organist og trusopplærer gjennomfører gudstenesteverkstadstaden i samarbeid med frivillige i kyrkjelyden. Inger Vassel Myrstad, Sigrid Gummedal Gjesteland og Øyvind Tjelle er faste frivillige.

## Årsmelding Tweens 2024

For 5.-7. klasse. På Klepp stasjon – stasjonsbygningen.

19 samlingar i 2024.

44 barn har vært innom totalt og 10 barn i snitt kvar gong.

Ein tweenssamling har vart i halvannen time. Først ein time med litt mat, samling med andakt og leikar/konkurransar. Deretter ope hus med diverse brettspel og Xbox den siste halvtimen.

Tweens er innmeld i NMSU og hadde 9 betalande medlemmar dette året.

Leiarar i 2024: Johannes Braut (eittåring våren), Tore Myrstad, Anna Mauritzen og Anette Dagfinrud Thorset (hovudleiar).

Unge hjelpeleiarar 2024: Mattias Norland Brekke, Thea Rebekka Bjørkavoll-Bergseth, Oskar Friestad Bergseth Sikkeland, Viktor Ruud, Regine Erås Lorentzen, Johan Mauritzen, Siril Stakland Svela, Engla Flatekvål Lid, Gabriel Namwira og Johannes Neverli.

## Årsmelding UANZ

For ungdomskulealder og oppover.

I 2024 bytta ungdomsarbeidet namn frå Clay til UANZ, og gjekk vekk frå samlingar på måndagar med grupper til samlingar på sundagar i partalsveker. Samlingane består av andakt, lovsong og sosialt. Det vart gjennomført totalt 15 fordelt på vår- og haustsemesteret. Det har vore i snitt 12 personar på samlingane, med omtrent 40 unike personar innom i løpet av året. I april vert det gjennomført årsmøte i forbindelse med medlemsfest, Kjempefest. Her vart det valgt styre, men ein del av dei valgte, gjekk ut av styret i løpet av året.

UANZ er innmeld i NMSU og har eit eige ungdomsstyre som består av seks ungdommar: Ingeborg Stubhaug Braut, Jannike Hatteland Anda, Mattias Brekke, Oskar Sikkeland, Daniel Birkenes

Johannes Braut og Kristina Hinna var hovudleiarar på vårparten, mens frå hausten av har Simen Kaspersen vore inne som ungdomsarbeider.

## Årsmelding Familiekomiteen

I 2024 vart Familiefredag endra til Familiekomiteen for ikkje å vere bunde til å arrangera på fredagar. Det var et sinkande oppmøte på dei ulike arrangementa, og det vart derfor bestemt å arrangere andre dagar, og spesielt i forbindelse med gudstenester. Det vart i 2024 arrangert seks arrangement; tre på våren og tre på hausten med blant anna karneval, kino og juleverkstad i saman med Søndagsskulen. Det har fungert greitt å arrangere i forbindelse med gudstenester og kinokveld på stasjonen er eit populært tilbod. Det er behov for fleire i familiekomiteen dersom kyrkjelyden ynskjer å halda fram familiearbeidet.

## Årsmelding kyrkjemusikk

**Kulturutvalet** for Klepp kyrkjelyd har fram til sommaren bestått av Astrid Hodne, Ingrid Lotsberg Norås, Ståle Ravndal og kantor Ola Sotnakk. Etter sommaren gjekk Ståle Ravndal ut, og Ingrunn V. Særheim og Bent Horpestad er nye medlemar. Utvalet sitt mandat er å planleggje og gjennomføre, og leggje til rette for, ulike kulturarrangement i kyrkjelyden.

Det vart arrangert ein **kulturkveld** i samband med at Åse-Marie Nesse ville fylt 90 år, med fleire medverkande, mellom andre søstrene Øvregård, Silje Helland Sotnakk, biskop emeritus Ernst Baasland og kvinnekoret Concentus.

Ved **vårfesten** var det konsert i Klepp kyrkje med kammerkoret Con Brio, Silje Helland Sotnakk og Ola Sotnakk.

**Gudstenestene** har vore godt besøkt. Me har hatt med ekstra musikarar ved høgtidene, og på minnegudstenesta. **Gudstenesteverkstad** for born i skulealder er eit populært tiltak som stadig veks og aukar i omfang. Stadig fleire byrjar å bli godt kjende med kyrkja, ikkje minst med liturgien og musikken. Dette er noko av det som har hovudfokus. Nokre av borna plar vere med som forsongarar på gudstenestene. På **temagudstenestene** har me eigne musikarar og forsongarar som planlegg og gjennomfører gudstenestene i samarbeid med sokneprest og kantor.

I **påska** hadde me gudstenester Skjærtorsdag, Langfredag og 1. påskedag.

Ved **konfirmasjonsgudstenestene** medverka Aud Emilie Furuseth og Guro Grude.

Ved **gudstenesta** 2. pinsedag på Krosshaug deltok Elim brass.

Ved **minnegudstenesta** allehelgensdag medverka Guro Grude og Ingrid Austnaberg Høyekvam.

**Me syng jula** inn vart gjennomført med mange medverkande. Musikarane knytt til temagudsteneste var med, Guro Grude, born frå knøttekoret, Den vesle grein og gudstenesteverkstad var med.

**Julaftan** hadde me tre gudstenester der Klepp skulekorps og Tu skulekorps medverka, i tillegg til Guro Grude og Iben Soleng Løset, begge song, og Georg Gaard og Hilde Nysted, song og piano.

**1. juledag** var Klepp mannskor med og Tore Høiland Aarrestad på klarinett.

**Klepp kyrkjes barnekor** hadde øvingar annakvar veke i Klepp kyrkje. Katrine Marie Gjerde har vore dirigent, og kantor Ola Sotnakk musikalsk ansvarleg og akkompagnatør. Pga. dårleg oppmøte valde ein å leggje ned koret etter vårsemesteret 24.

Arbeidet med **ny kyrkje** går sin gang, og **orgelkomité** er no etablert. I komiteen sit kyrkjevevjerje Arvid Kaspersen, frå soknerådet Bent Horpestad, kantor Ola Sotnakk, og orgelkonsulent Bjørn Andor Drage. Komiteen sitt mandat er å utarbeide finansieringsplan, orgelkonsept og konkurransegrunnlag for orgelet, og fylgje opp prosessen med orgel heilt til orgel er installert og ferdigstilt.

## Årsmelding Knøttekor

Knøttekoret hadde i 2024 ni øvingar på våren, og åtte øvingar på hausten. Det var 25 unike personar innom i løpet av året, med eit gjennomsnitt på omtrent ni barn på øvingane. I tillegg til øvingane, hadde dei fleire opptredner; på karnevalsgudsteneste, eigen sommarkonsert, på visitasgudsteneste og på generasjonsgudsteneste med utdeling av fireårsbok. Øvingane varer i underkant av ein time med ei fruktpause midt i.

Knøttekoret vart drevet av frivillige både vår- og haustsemesteret, med hjelp frå kyrkjelydsarbeidar på det administrative.

## Årsrapport fra plankomiteen for 2024

### **Plankomiteen har bestått av:**

Leif Solberg

Arvid Kaspersen

Marita Finstad

Erlend Hodne

Livar Salte

Svein Olav Nesse

Hilde Norland Djønne

Just Salvesen

### Innledning:

Consto as som fikk hovedentreprisen for hele prosjektet startet opp arbeidet i begynnelsen av året med klargjøring av tomten og innvendig rydding og demonteringsarbeid i rådhuset.

I løpet av året har arbeidet vist godt igjen på byggeplassen, og i skrivende stund er murveggene til kirken på plass samt kirketårnet på vei opp.

### Kunst og utsmykning:

I løpet av året har det vært flere møter med 2 rådgivere utnevnt av kommunen, og kirkens kunstkomite har deltatt aktivt i dette arbeidet. Kunstplanen for hele prosjektet inkludert kirke, kommunehuset og kulturbygg ble ferdigstilt i løpet av februar. Prosessen med å velge kunstner for både kirke og kommunehus ble satt i gang.

Medlemmer i kunst og utsmykkingskomiteen er Hilde Norland Djønne, Just Salvesen, Kari Tjåland Sandvik, Andreas Haarr, Øyvind Tjelle og Tove Rudi Tobiassen.

Det ble også oppnevnt en komite felles for prosjektet der kirken var representert ved daglig leder Hilde Norland Djønne og Øyvind Tjelle. Etter hvert ble det valgt 4 kunstnere for kirken. Disse sendte inn forslag til utsmykning og juryen valgte Marta Nerhus: I kjærleik mot lyset.

Kirkens kunstkomite har deltatt i møter med kunstner om forslaget som er valgt, og mindre justeringer er gjort. Arkitektene har også deltatt i valg av kunst for hele prosjektet.

### Liturgiske møbler:

Det har vært flere brukermøter med avklaringer omkring liturgiske møbler. Dette har skjedd i dialog med biskop, og forespørsel om bygging av alter og diverse møbler sendes ut i februar 2025.

### Ungdomslokalene:

Det er også avklart kirkens bidrag til oppdeling og innredning av ungdomslokaler i kjelleren til kommunehuset, og dette blir gjennomført av hovedentreprenøren.

Møblering av ungdomslokalene med en kjøkkenkrok samt behov for lyd, lys og bilder er også gjennomgått og forespørsel av denne leveransen sendes ut i februar 2025.



Stiftelsen for ny kirke vil dekke innredning, møblering og utstyr til ungdoms salen med innsamlede midler.

Administrasjonen ved kirkeverge, daglig leder og sokneprest har deltatt i disse møtene, samt representanter fra sokneråd, plankomiteen og komite for utsmykking og kunst og komite for lyd og lys.

#### Instrumenter:

I tillegg har kantor sammen med orgelkonsulent hatt møter om instrumentplassering og detaljer omkring orgel i kirkerommet slik at det er dekket inn med plassering og tekniske løsninger i tegningsgrunnlaget. De siste møter om endelig klargjøring av plass for orgel ble gjennomført i slutten av året og starten på 2025. Orgelet er planlagt plassert i bakre gavlen over inngangen til kirkesalen og med spillepult bak i salen. Det vil også være mulig med spillepult framme ved sakristiet og med elektronisk overføring til orgelet.

Anskaffelse av orgel er ikke en del av prosjektet og arbeidet med finansiering og anskaffelse av dette vil bli en egen prosess med en orgelkomite oppnevnt av soknerådet.

Flygel er en del av prosjektet og vil være på plass til innvielsen av kirken.

#### Referansegruppe:

Det er oppnevnte en egen referansekomite bestående av 3 fra kommunestyret, kommuneledelsen og 2 deltager fra kirken. Det er avholdt 4 møter dette året der status for prosjektet ble gjennomgått og eventuelle utfordringer ble drøftet. Det rapporteres at fremdriften er som planlagt med tett bygg for storsal og kirken før sommeren 2025. Det er også god kontroll på kostnadene.

#### Ferdigstillelse og overdragelse:

Ferdigstillelse og overlevering av hele prosjektet er planlagt i slutten av oktober 2026.

I 2025 vil vi holde god kontakt med prosjektledelsen i kommunen og referere fra framdriften i prosjektet i løpet av året. Byggeaktivitetene er godt synlig på tomten nå, og kan følges med ukentlige bilder fra byggeplassen lagt ut på «Klepp kyrkjelyd» sin hjemmeside.

Plankomiteen vil også informere om status i menighetsbladet gjennom året.

Februar 2025

Leif Solberg

Leder av plankomiteen

## Årsrapport for Stiftelsen Klepp Nye Kyrkje for året 2024

Org.nr:994179748.

### Formål

Stiftelsens formål er: ” Skaffe til veie egenkapital til erverv, anlegg og fremtidig drift av nytt kirkeanlegg i Klepp sokn.

### Styrets sammensetning:

Rolf Bergseth - leder

Maria Skrettingland Håland - økonomi

Livar Salte - sekretær

Svein Bertil Dybesland styremedlem

Terje Tobiassen - varamedlem

Inger Furenes Nordås - varamedlem

### Arbeid i Stiftelsen

Styret i Stiftelsen har hatt 5 styremøter i 2024. Varamedlemmer og leder av plangruppa er innkalt til alle møter. Det settes ned egne komitéer ved større dugnader.

Faste poster på programmet er nytt fra plankomitéen og drift av stasjonsbygget med Nytt og Brukt.

Året 2024 var et år med mange gode følelser og stor takknemmelighet. Mot slutten av året ser man konturene av en ny kirke. Det blir en spennende tid framover. All dugnad kan etter hvert rettes mot å fylle den nye tilrettelagte kirken med stor aktivitet for absolutt alle.

Menighetens plankomité er med i kommunens prosjektgruppe om realisering av kirkebygget. Det vises til deres rapport. Leder av stiftelsen innkalles ved behov til møter i plangruppa og styret i Stiftelsen oppdateres jevnlig om status for nytt kirkebygg.

### Informasjon

Menighetsbladet er viktigste informasjonsvei til innbyggerne i Klepp sokn om arbeidet i Stiftelsen.

Klepp Nytt og Brukt sin facebook side benyttes til informasjon om ”Nytt og Brukt”, loppemarked, julemarked, vintermarked etc

Det har vært orienteringer fra Stiftelsen og plankomiteén etter gudstjenester.

Dugnader og årsrapport legges ut på Klepp Kyrkje sin hjemmeside.

### **Økonomi og dugnader:**

I 2024 økte kapitalen med 1.254.205. Totalt er det nå ca 9,7 millioner på bankkonto ved utgangen av 2024. Det gode resultatet skyldes økte dugnadsinntekter, økte inntekter på Nytt og Brukt, og gode renter på penger i bank.

Julemarked, vintermarked, loppemarked samler mye folk og vi får nye givere via diverse salg.

Vårfesten er en fest Stiftelsen arrangerer for å skape aktivitet i menigheten. I 2024 vart det arrangert nattturnering for konfirmantene for 1. gang. Ikke så mange lag i 24, men god stemning. Man håper på flere i 25. Loppemarkedet samlet mye folk og avslutningen i kirken med gudstjeneste og konsert med ConBrio og solister likeså. En god oppbyggelig helg.

Nytt og brukt, dugnadsavtaler på Jærhagen, Klebe dugnaden, eksamensvakter og vedlikehold av kirkebygg er godt organisert, og styrer mye seg selv med bytting av vakter ved fravær. God dugnader og nå også godt betalt.

Nordsjørippet er en ettertraktet dugnad som mange vil være med på. Trolig var 2024 siste året og da har vi sannsynligvis hatt den dugnaden hvert år i 15 år.

Oppfinnsomheten med å gi til ny kirke i Klepp er stor og det kommer gaver etter fødselsdager, minnegaver m.m. Salen i stasjonsbygget gir litt inntakt.

Det rettes en stor takk til alle som stiller opp og gjør en dugnadsjobb. Likeså rettes det en stor takk til faste givere og til givere av andre pengegaver Stiftelsen mottar.

### **Inntektsgivende aktiviteter året 2024:**

- Dugnad med rydding av handlekorger på Jærhagen
- Eksamensvakter
- Panting på X-tra Klepp stasjon (stoppet i 2024 etter ombygging)
- "Nytt og Brukt" butikk på stasjonsbygget og periodevis på Jærhagen
- Vintermarked, julemarked
- Vårfest med Loppemarked og konsert
- Vaktmestertjeneste for Klebe
- Nordsjørippet
- Utleie stasjonsbygget
- Juleverksted
- Vedlikehold av kirkebygg

### **Andre inntekter og gaver**

Ofringer

Faste givere og gaver

Renteinntekter

**For årets inntekter og totalsaldo ved årets utgang, se vedlagt regnskap**

## **Planer for året 2025**

Styret for stiftelsen har satt som budsjettmål for 2025; NOK 1.100.000,-

Hovedinnsatsområdene blir de samme for 2025 som for 2024

1. Inntektsgivende dugnader, Nytt og Brukt, vårfest og diverse markeder
2. Sammen med menighetsråd og plankomité delta i realiseringen av ny kirke
3. Informasjon til Kleppsbuen om Stiftelsens arbeid for ny kirke på Kleppe

Kleppe februar 2025

Rolf Bergseth

Maria Skrettingsland Håland

Livar Salte

Svein Bertil Dybesland

Terje Tobiassen

Inger Nordaas

## Rekneskap Stiftelsen 2024

<b>Stiftelsen Klepp Nye Kyrkje</b>			
<b>Resultat pr. 31.12.</b>			
<b>Stiftelsen:</b>		<b>31.12.2023</b>	<b>31.12.2024</b>
Dugnader		245 830,00	396 522,25
Panteinntekter			5 456,00
Gaver		12 890,00	8 600,00
Minnegave		100 000,00	8 550,00
Netto inntekt kalender		5 250,00	
Inntekter konsert		90 300,00	18 100,00
Leie rådhuset			
Kostnad konsert	-	57 888,00	- 3 216,00
Konfirmant cup			- 2 361,25
Coop kortet - bonus			5 816,12
Salg nytt og brukt		397 289,00	353 177,50
Leieinntekter stasjonsbygget		8 600,00	4 000,00
Leie/kostnader stasjonsbygget	-	44 000,00	- 38 364,00
Revisjon og lotteritilsynet	-	18 595,00	- 19 408,00
Bankgebyrer	-	8 482,00	- 6 918,19
Renteinntekter og kundeutbytte driftsk		206 990,00	331 836,25
<b>Sum Stiftelsen</b>		<b>938 184,00</b>	<b>1 061 790,68</b>
<b>Soknerådet:</b>			
Ofringer		40 383,25	61 887,00
Renter		23 178,00	39 278,00
Gaver		73 300,00	91 250,00
Valdugnad		15 000,00	
<b>Sum Soknerådet</b>		<b>151 861,25</b>	<b>192 415,00</b>
<b>Totalt fra aktiviteter og gaver</b>		<b>1 090 045,25</b>	<b>1 254 205,68</b>
<b>Kapital</b>			
		<b>31.12.2023</b>	<b>31.12.2024</b>
Stiftelsen		7 337 458,45	8 399 249,13
Soknerådet		1 112 192,25	1 304 607,25
<b>Sum Kapital</b>		<b>8 449 650,70</b>	<b>9 703 856,38</b>